

Kristin Bolstad

DET SOM DU SER

Stemme (kontratenor) og innspelt materiale






DET SOM DU SER


Kristin Bolstad

(2023)



Stemme (kontratenor) og innspelt materiale





DET SOM DU SER

vart skrive for Sean Bell, og hadde si urframføring under tonehimmel i Volda, 2023.

OM VERKET

DET SOM DU SER

søker koma tettare på stemma og det den skjuler og ber på av indre og levd liv.

Med stemma kommuniserer me med omverda, og med den uttrykkjer me tankar, kjensler, opplevingar og reaksjonar gjennom ord eller med non-verbale lydar som latter og gråt eller andre lydar uttrykt i augneblikk av forbausning, entusiasme, redsel eller sinne.

Stemma endrar seg gjennom livet, men er likevel unik for kvar og ein av oss. Stemmeleie, klang, tonekvalitet og måten me pratar på og uttrykkjer oss vert ein del av identiteten til kvar enkelt av oss. Språket, orda og lydane me brukar reflekterer og formar personlegdomen vår. Ulike miljø, situasjonar, relasjonar eller personar, språk og dialektar kan ha si stemme og eller få fram ulik klang og nyansar i stemma vår. Me kan kjenna att ein person berre ved å høyra stemma hans, sjølv etter mange års fråvær. Og så sårt det kan vera om me har gløymt lyden av stemma til ein som stod oss nær.

DET SOM DU SER

reflekterer over songstemma, og korleis denne kan vera tillært og «påtatt» gjennom ulike stemmeideal eller innøvde teknikkar. Songstemma er var for korleis ein har det, og dagsform, nervøsitet eller sjukdom kan påverka stemmekvaliteten. Som songar kan det også vera spesielt sårbart å mista deler av registeret eller endra klang og karakter i stemma som følgje av alder, stemmeskifte eller andre endringar gjennom livet. Stemma er svært personleg, den krev stadig vedlikehald, og den er skjør og sårbar for endringar. Kva kjenneteiknar di stemme?

INSTRUKSJONAR

DET SOM DU SER

er eit stykke for stemmer (kontratenor) og innspelt materiale.

Stykket vekslar mellom solo a-capella parti og parti med innspelt materiale som underlag. Stykket har ein rubato karakter der utøvaren står fritt til å interprettera dynamikk og uttrykk. Stykket har ei lengd på om lag 11 min.

INNSPELT MATERIALE

Det innspelte materialet skal spelast inn som tre ulike spor (filer), slik at a-capella partia i mellom kan vera friare i lengd. Det siste sporet (spor 3), kan spelast inn med god tidsmargin, og heller stoppast eller fadast ut når det kjennes naturleg. Slik kan også improen vera friare i lengd, og tilpassast kva som kjennes naturleg.

Det innspelte materialet kan gjerne ha variasjon i uttrykk og emosjonell formidling. Det er ynskjeleg at materialet blir spelt inn i full lengd, heller enn loopar som blir repetert. Slik kan ein ha større variasjon i utvikling og forlaup. Dette er spesielt relevant i siste spor (spor 3), der materialet i kvart av laga vert repetert over lang tid. Spesielt for spor 3 er også at ein kan ha fleire versjonar i kvart lag. Til dømes kan ein spela inn fire versjonar av lag 1, og leggja desse oppå kvarandre enten i heile eller deler av sporet.

Stykket bør helst stå fram som akustisk, så det innspelte materialet kan gjerne spelast av frå mobiltelefon og ein eller fleire mindre høgtalarar (ala små bluetooth-høgtalarar). Denne/desse kan plasserast på utøvaren sitt notestativ eller på anna vis tett på utøvaren. Eventuelt kan ein festa mange små bluetooth-høgtalarar på kroppen til utøvaren.

IMPRO og REFLEKSJONSSPØRSMÅL

Utøvaren står fritt til å utforska og henta frå sitt personlege uttrykk i impro-delen. Som hjelp til stykket og korleis nærma seg ditt personlege uttrykk, kan du ta utgangspunkt i og eventuelt svara lydleg/musikalsk på desse spørsmåla:

- Kva kjenneteiknar di stemme?
- Korleis kjem ulike emosjonar fram i di stemme?
- Korleis har di stemme endra seg gjennom livet?
- Kva avtrykk frå ditt (songar)liv finst i stemma di?
- Kva stemme(r) skjuler du for andre?

DET SOM DU SER

Stykket har variantar av same materiale, både tekst og melodi, og leikar med ord og språklege bilete.

DET SOM DU SER

*Det som du ser,
er avtrykka av meg.*

*Det som du ser,
er skuggar på ein veg.*

*Gøymmer seg i kratt, speglar seg i vatn,
flagrande i vind, gløymmer tid.*

Ventar.

*Det som du ser,
er skuggane av meg.*

*Det som du ser,
er avtrykk på ein veg.*

*Gløymmer seg i kratt, flagrande vatn,
gøymmer vind, speglar tid.*


Hentar.

*Det som du ser,
er speglingar av meg.*

*Det som du ser,
er vatn på ein veg.*

*Flagrande i kratt, gøymmer seg i skuggar,
gløymmer vind, avtrykk i tid.*

Kristin Bolstad (2023)








Det som du ser

Kristin Bolstad
2023

Adagio (♩=62-70)
Rubato

Vokal




Det som du ser, er av - tryk - ka av meg.

Vok.



Det som du ser, er skug - gar på ein veg.

Vok.



Gøy - mer seg i kratt, speg - lar seg i vatn,

Vok.



flag-ran-de i vind, gløy - mer tid, ven - tar.


Lento (♩=52-60)

Vok.



Ven - tar, ven - tar, ven - tar, ven - tar, ven - tar,

Innspelt



ven - tar, ven - tar, ven - tar,

Vok.

ven - tar, ven - tar, ven - tar, ven - tar,

Innspelt

ven - tar, ven - tar, ven - tar, ven - tar,

The image shows a musical score for the phrase 'ven - tar'. It consists of two staves. The top staff is labeled 'Vok.' and contains a vocal line in bass clef with a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The melody is a simple, repetitive pattern of quarter notes: F#2, G2, A2, B2, C3, D3, E3, F#3. The bottom staff is labeled 'Innspelt' and contains a piano accompaniment in bass clef, consisting of chords that support the vocal line.

Adagio (♩=62-70)
Rubato

Vok.

Det som du ser, er skug - ga - ne av meg.

The image shows a musical score for the phrase 'Det som du ser, er skug - ga - ne av meg.' It is in treble clef with a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The tempo is marked 'Adagio' (♩=62-70) and 'Rubato'. The melody is a simple, repetitive pattern of quarter notes: F#4, G4, A4, B4, C5, D5, E5, F#5.

Vok.

Det som du ser, er av - trykk på ein veg.

The image shows a musical score for the phrase 'Det som du ser, er av - trykk på ein veg.' It is in treble clef with a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The melody is a simple, repetitive pattern of quarter notes: F#4, G4, A4, B4, C5, D5, E5, F#5.

Vok.

Gløy - mer seg i kratt, flag - ran - de vatn,

The image shows a musical score for the phrase 'Gløy - mer seg i kratt, flag - ran - de vatn,'. It is in treble clef with a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The melody is a simple, repetitive pattern of quarter notes: F#4, G4, A4, B4, C5, D5, E5, F#5.

Vok.

gøy - mer vind, spøg - lar tid.

rit.


The image shows a musical score for the phrase 'gøy - mer vind, spøg - lar tid.' It is in treble clef with a key signature of one sharp (F#) and a common time signature. The tempo is marked 'rit.' (ritardando). The melody is a simple, repetitive pattern of quarter notes: F#4, G4, A4, B4, C5, D5, E5, F#5.

Lento (♩=52-60)

Vok. 


SPOR 2


Innspelt 


Vok. 

Innspelt 





Vok. 

Innspelt 



Adagio (♩=62-70)
Rubato

Vok. 
Det som du ser, er speg - lin - gar av meg.

Vok. 
Det som du ser, er vatn på ein veg.

Vok. 
Fla-la-la-lag-ran-de i kratt, gøy-mer seg i skug - gar,

Vok. 
gløy - mer vind, av trykk i tid.

Adagio (♩=62-70)
Rubato

SPOR 3

Innspelt

LAG 1 

+ LAG 2 (legg på etter lag 1) 

+ LAG 3 (legg på etter lag 2) 

Fritt

ca 3-5 min

Vok.

IMPROVISASJON / ORDLEIK kan syngast/snakkast

Leik med ulike EMOSJONAR / UTTRYKK i formidlinga av orda:

- | | |
|-----------|-----------|
| - gøymer | - gløymer |
| - skuggar | - speglar |
| - fuglar | - flagrar |

Leik med SPRÅKLYDANE i (deler av) orda:

- | | |
|-----------|-----------|
| - gøymer | - gløymer |
| - skuggar | - speglar |
| - fuglar | - flagrar |

Variér gjerne dynamikken (mellom laga) i innspelinga, evt. kan ein dubla eller ta vekk lag.
Variér gjerne uttrykk og stemmeteknikk.

Innspelt

+ LAG 4, versjon 1 (legg på etter ei stund)

+ LAG 4, versjon 2 (legg på etter ei stund)